



KOMMUNEREFORMA - NYHENDE NR. 9 – JULI 2016

FYLKESMANNEN HAR ORDET

I dag er det 1. juli 2016, og Fylkesmannen kan informere om at [alle kommunane i Møre og Romsdal har gjort endeleg vedtak i kommunereforma](#) og sendt inn desse til Fylkesmannen. Det er lagt ned mykje arbeid både internt i kommunane, i nabopratar og i samarbeid om intensjonsavtalar.

Både politikarar og administrativt tilsette i kommunane har gitt uttrykk for at arbeidet med kommunereforma har vore krevjande og arbeidsamt – men likevel lærerikt. Ikke minst har mange uttalt at dei har blitt betre kjent med sine naboar – noko som gjev gevinst i det vidare samarbeidet.

Fylkesmannen vil først få gratulere dei kommunane som no har gjort vedtak om å slå seg saman med ein eller fleire av sine naboar:

1. Fræna og Eide har vedtatt å slå seg saman for å bygge **Hustadvika kommune**
2. Molde, Midsund og Nesset har vedtatt å slå seg saman å bygge **Nye Molde kommune**
3. Ålesund, Sandøy og Skodje har vedtatt å slå seg saman å bygge **Nye Ålesund kommune**
4. **Volda** i sør har vedtatt å slå seg saman med Hornindal i Sogn og Fjordane
5. I nord har **Halsa** vedtatt å slå seg saman med Hemne og Snillfjord i Sør-Trøndelag

19 kommunar har gjort vedtak om å halde fram som eigen kommune, medan heile **17 kommunar**, nær halvparten av våre 36 kommunar, har gjort vedtak om å slå seg saman med ein eller fleire av sine naboar. Av desse er det 10 kommunar som allereie har kommunar å slå seg saman med – medan 7 kommunar ynskjer

å slå seg saman med sine naboar – men naboane ynskjer ikkje dette på noverande tidspunkt.

Fylkesmannen er nøgd med dei resultata vi har fått til i arbeidet med kommunereforma så langt– både i høve til det gode prosessarbeidet som er utført og dei endelige vedtaka om samanslåingar. Men sett i høve til samfunnsutviklinga vi har framfor oss, er nok kommunane ikkje ferdig med kommunereforma enno.

Det er fleire kommunar som allereie har tatt kontakt med Fylkesmannen der dei ber om råd i dei vidare prosessane på vegne av sin kommune. Fylkesmannen har som kjent eit mandat med å gi ei tilråding om framtidig kommunestruktur til departementet ut ifrå ei heilskapleg vurdering av alle kommunane i fylket. Med bakgrunn i Fylkesmannen sin gode kjennskap til kommunane, og i høve til arbeidet med tilrådinga, vil vi kunne gi råd og vere ein diskusjonspartner i dei vidare prosessane. Dette både for dei nye kommunane og dei kommunane som framleis er i prosess.

Vi er glad for at vi i dag har fått brev frå statsråd Jan Tore Sanner, der han varsler at kommunane kan få litt betre tid på seg i valet av ny kommunestruktur.

STATSRÅD SANNER GIR UTSETJING

Statsråd Jan Tore Sanner har i dag sendt ut eit [brev til Fylkesmennene](#).



Statsråden signaliserer at dei kommunane som fattar vedtak etter 1. juli også blir omfatta av vurderingane og forslaga i proposisjonen som blir lagt fram for Stortinget våren 2017.





FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Statsråden ber Fylkesmannen ha tett dialog med kommunane og departementet for å sikre at alle kommunane som er i prosess – får ein ny moglegheit til å erstatte vedtaka frå før 1. juli 2017 med nye vedtak om eventuelle samanslåingar.

To punkt må vurderast av kommunane no :

- 1) Kva har skjedd rundt oss, og vil det virke inn på vedtaket vårt ? Bør vi gjere ei ny vurdering ?
- 2) Fylkesmannen si tilråding kjem 1. oktober. Vil tilrådinga innehalde informasjon og råd om heilskapleg utvikling som vil ha innverknad på vår kommune og utviklinga i vår region ? Bør vi ut i frå det gjere ei ny vurdering ?

NY MILEPÆLSPLAN

Tema	Dato
Tilråding frå Fylkesmannen	1. 10.2016
Pressekonferanse. Presentasjon av tilrådinga. Stad: Romsdalsmuseet, Molde	3.10.2016 kl. 1300
Prosess for vidare arbeid med kommunereforma i kommunane	2. halvår 2016
Endeleg vedtak oversendt Fylkesmannen	Innan 31.12.2016
Fylkesmannen ettersender tillegg til tilrådinga.	Januar 2016
Stortingets handsaming	Våren 2017

ØKONOMISK KOMPENSASJON TIL KOMMUNANE

Alle kommunar som slår seg saman i reformperioden, dvs. at det blir fatta nasjonalt

vedtak i løpet av 2017, blir behandla likt når det gjeld eingongskostnadar, reformstøtte og inndelingstilskot, jf. Kommuneproposisjonen 2015.

Det er viktig at kommunane er klar over at dei økonomiske virkemidlane som ligg i reforma – **berre gjeld i reformperioden**. Det gjeld mellom anna at kommunane er sikra vidareføring av fullt basistilskot på 2016-nivå fram til samanslåinga gjennom ei eiga overgangsordning. Vidare at nivået på basistilskotet i 2016 gir grunnlaget for å rekne ut inndelingstilskotet som varer i 15 år – med nedtrapping over ytterlegare 5 år.

VEGEN VIDARE

- Fylkesmannen startar no arbeidet med tilrådinga fram til 1. oktober. Pressekonferansen 3. oktober vert «streama» over [Fylkesmannen sine heimesider](#).
- I denne perioden vil vi vere i tett dialog med kommunar som enda er i prosess, slik at dei kan fatte nye vedtak innan 31. des. 2016.
- Fylkesmannen ønskjer også å følgje opp kommunar som etter vår tilråding finn at dei vil gå i prosess for å endre endeleg vedtak.
- Fylkesmannen vil i dialog med dei nye kommunane tilby ei prosjektstilling.
- Fylkesmannen vil hausten 2016 informere kommunane om ulike samlingar/møte i samband med arbeidet vidare, både for dei nye kommunane, og for dei som er i prosess fram til endeleg vedtak.
- Det vert ei oppfølging for dei nye kommunane av [KS/KMD](#) og [Fylkesmennene](#).

**Fylkesmannen i
Møre og Romsdal**

ØNSKJER ALLE EIN GOD SOMMAR

